

LINDÅS KOMMUNE
Kvernhusmyrane 41
5914 ISDALSTØ

Dato: 26.11.2019
Vår ref.: 2019/12346-38
Saksbehandlar: ELIMOLV
Dykkar ref.:

Aud Beate Furdal

Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Den kulturelle spaserstokken 2019

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 20. november 2019, politisk sak 147/2019 vedteke å tildele dykk 92000 kr i tilskot.

Grunngjeving:

Ved utsett søknadsfrist 02.09.2019 var det kome inn søknader frå 30 kommunar i Hordaland. Samla er det søkt om kr 3.924.000. For 2019 har Hordaland fylkeskommune 3.000.000 kr til fordeling under Den kulturelle spaserstokken 2019.

I brev frå Kulturdepartementet til alle fylkeskommunane, datert 28.03.2014, står det m.a. at *midlane til kommunane skal fordelast ut frå kvalitative og/eller kvantitative kriterium som kan fastsetjast av den enkelte fylkeskommunen i tråd med overordna formål for ordninga.*

I Hordaland har Utval for kultur, idrett og regional utvikling for 2019 valt at vurdering av søknader vart basert på ei kvantitativ vurdering (80 % av midlane) og ei kvalitativ vurdering (20 % av midlane). Den kvantitative vurderinga vart basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal. 20 % av midlane vart fordelt etter ei skjønsmessig vurdering. Kriteria som vart lagt til grunn for denne vurderinga var følgjande: programinnhald, nyskaping, utvikling av program, og samarbeid.

I saksframlegget har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Det er viktig å ikkje ta kvar kommentar som ei fyldestgjerande grunngjeving for tilråding, men som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2018.

Det vert elles vist til oversikt tildeling 2019, saksframlegg og vedtak som er lagt ved som vedlegg.

Utbetaling

Beløpet vil bli utbetalt til dykkar bankkonto med det første.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnad:

- Midlane skal nyttast innanfor føremålet med Den kulturelle spaserstokken som er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekt for eldre innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.
- Midlane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.
- Tiltaka som får støtte skal være gjennomførte innan 31. desember 2019.
- Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering.
- Det skal ikkje ytast tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

Rapportering

Rapport med rekneskap sendast til Vestland fylkeskommune, e-post: post@vlfk.no innan 1. kvartal 2021. Merk med «Rapport for Den kulturelle spaserstokken 2020».

Rapporten skal gje ei kortfatta skildring av korleis midlane vart nytta.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

Per Morten Ekerhovd Skaar
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef

Sakshandsamarar: Elin Molven Wilhelmsen, Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019
- 2 Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019
- 3 Uttale frå fylkeseldrerådet til PS 147/2019 - Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2019
- 4 DKSS 2019 - Vedtak KIRU